

Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU

Møtestad: Telefonmøte

Dato: 09.04.2015

Tidspunkt: 12:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Leiar	
Sven Flo	Nestleiar	
Gunnvor A. Sunde	Medlem	

Følgjande faste medlemmer meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem	

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg		

Merknadar

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Christian E. Pettersen	Nasjonalparkforvaltar/sekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 8/15	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 9/15	Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll		
ST 10/15	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - søknad om kjentmannskøyering og nyttekøyering frå Jølster Røde Kors Hjelpekorps		2015/1339

ST 8/15 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU - 09.04.2015

Vedtak

Ingen merknadar til innkalling og dagsorden.

ST 9/15 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU - 09.04.2015

Handsaming i møte

Gunnvor A. Sunde og Sven Flo vart foreslått til å underskrive protokollen.

Vedtak

Gunnvor A. Sunde og Sven Flo vart valt til å skrive under protokollen frå dette møtet.

Dei stadfestar då per e-post om dei godkjenner protokollen eller ikkje, og e-postane vert lagra i sakshandsamingssystemet ePhorte. Leiar Ivar Kvalen må også skrive under.

Samrøystes vedteke.

Arkivsaksnr: 2015/1339

Saksbehandlar: Christian E. Pettersen

Dato: 08.04.2015

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU	10/15	09.04.2015

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - søknad om kjentmannskøyring og nyttekøyning frå Jølster Røde Kors Hjelpekorps

Innstilling frå forvaltaren

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, ved arbeidsutvalet, gjev Jølster Røde Kors Hjelpekorps løyve etter naturmangfaldlova § 48 til kjentmannskøyring på ruta Dvergsdalsdalen - Fagredalen - Salsegga, men avslag på ruta Befring - Kvannebakkbu. For sistenemnde rute vert det med heimel i verneforskrifta pkt. IV, 4.3, andre strekpunkt, gjeve løyve til nyttekøyning.

Løyva gjeld på følgjande vilkår:

Kjentmannskøyring Dvergsdalsdalen - Fagredalen - Salsegga

- Løyvet gjeld perioden 2015 - 2017, veke 3 - 15
- Løyvet gjeld inntil to turar per år, med inntil to skuterar per tur
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv, og ein bør unngå køyring i påska og på heilagdagdar
- Løyvet skal vere med under køyring og det skal førast logg/køyrebok over køyringa
- Køyninga skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn ved Anne Rudsengen (tlf. 959 63 888), som vil gje melding om det må takast spesielle omsyn

Nyttekøyning Befring - Kvannebakkbu

- Løyvet gjeld perioden 2015 - 2017, veke 9 -15
- Løyvet gjeld inntil tre turar per år, med inntil to skuterar per tur
- Omfanget av snøskuterkøyninga skal avgrensast til det som er strengt naudsynt
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv, og ein bør unngå køyring i påska og på heilagdagdar
- Løyvet skal vere med under køyring og det skal førast logg/køyrebok over køyringa
- Køyninga skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn ved Anne Rudsengen (tlf. 959 63 888), som vil gje melding om det må takast spesielle omsyn

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU - 09.04.2015

Vedtak

Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad med øvingsplan Jølster Røde Kors Hjelpekorps, datert 28.01.2015
- Rundskriv om kjentmannskøyring frå Miljøverndept., datert 31.01.2013
- Tilråding frå lokal redningssentral, datert 12.03.2015
- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova

Søknaden

Jølster Røde Kors Hjelpekorps har sendt søknad om kjentmannskøyring basert på øvingsplanen sin for 2015 - 2017. I den er det satt opp kjentmannskøyring på to ruter som går inn i Jostedalsbreen nasjonalpark; ei rute frå Befringsdalen til Kvannebakkbu og ei rute i Dvergsdalsdalen opp til Salsegga. For ruta til Kvannebakkbu søkast det også om løyve til nyttekøyring. I øvingsplanen er det sett opp to turar med to skuterar på ruta til Salsegga, og tre turar med to skuterar pluss nabokorps på ruta til Kvannebakkbu.

Lovgrunnlag

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i nasjonalparken. Det er heller ikkje opning i verneforskrifta for å gje løyve til kjentmannskøyring.

I Rundskriv av 31.01.2013 slår derimot Miljøverndepartementet (no Klima- og miljødepartementet) fast at redningstenesta kan få løyve til naudsynt kjentmannskøyring etter naturmangfaldlova (nml) sin generelle dispensasjonsheimel i § 48, første ledd:

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Rundskrivet seier at so lenge kjentmannskøyringa er ledd i ein øvingsplan, og i samsvar med lokal redningssentral sine vurderingar, so skal kjentmannskøyringa normalt godkjennast og få dispensasjon. So lenge køyringa ikkje strider mot verneføremålet eller vil påverke verneverdiane nemneverdig, jf. nml § 48, første ledd.

Når det gjeld nyttekøyring kan det gjevast løyve til motorferdsle for transport av materialar til hytter, klopper m.m., og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer, jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3, andre strekpunkt.

Verneforskrifta, pkt. IV, 4.3, femte avsnitt, skal leggjast til grunn for løyve etter verneforskrifta pkt. IV, 4.3: *Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsle til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal og vurderast.*

Vurdering

Kjentmannskøyring

Problematikken kring kjentmannskøyring og behov for dette er grundig gjennomgått i rundskrivet som Miljøverndepartementet sendte ut i 2013. Det er der slått fast at dette med kjentmannskøyring er eit reelt behov for redningstenesta som dei skal ha ein viss opning for

å gjennomføre, også i verna område. I utgangspunktet er det difor ikkje noko grunn til å utgreie den problematikken vidare i enkeltsaker som denne. Det er likevel slik at forvaltningsmyndigheten som hovudregel berre skal gi dispensasjon til kjentmannskøyring som er del av ein øvingsplan godkjend av lokal redningssentral. I dette tilfellet tilrår redningssentralen kjentmannskøyring i Dvergsdalsdalen, men ikkje på ruta frå Befringsdalen til Kvannebakkbu. Dette vert m.a. begrunna med at området har begrensa utfart vinterstid. Ettersom redningssentralen ikkje tilrår kjentmannskøyring i dette området er det heller ikkje naturleg for forvaltningsstyresmakta å gje løyve.

I følgje planen skal det køyrast i perioden veke 7 - 15. Dette er ein ganske vid periode, men det må takast omsyn til at den frivillige redningstenesta må bruke fritida si til kjentmannskøyring, og at dette må samanfalle med bra vêr. Det er difor viktig at tidsrommet for gjennomføring av kjentmannsturane er stort nok. For å sikre at konfliktpotensialet med turgåarar vert minst mogleg bør ein likevel unngå å køyre i periodar med mykje utfart, slik som vinterferie, påske og helgane rundt påska.

Det er lite sannsynleg at køyring langs ruta frå Dvergsdalsdalen til Salsegga vil kome i konflikt med dyreliv eller andre sårbare førekomstar i den aktuelle tida på året.

Nyttekoøyring

Kvannebakkbu er ei redningshytte som står open for ålmenta. Ho ligg på 1500 m.o.h., og har ein viktig funksjon som naudbu like ved breplataet. Snøskutertransport fører med seg støy og forstyrning, som kan vere til skade for dyreliv, og vere forstyrrende for folk i området.

Forvaltaren kjenner ikkje til at det er registrert spesielt sårbart biologisk mangfald i området som kan bli skadelidande av transporten. Dei særskilde verdiane som er registret i området er ikkje sårbare på denne årstida (som til dømes ein viktig naturtypelokalitet i Strupen).

Verneverdiane i området er i stor grad knytt til landskapsverdiar og urørte naturområde. Bruk av snøskuter i nasjonalparken er eit framandelement som kan verke inn negativt på opplevinga av eit stort, variert og verdfullt område i naturleg tilstand. Samtidig er forstyrninga av ein kortvarig karakter. Forvaltaren vurderer kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet og effekten av påverknadane av snøskutertransport til å vere tilstrekkeleg til å vurdere søknaden (jf. nml. § 8). Det er søkt om å bruke to snøskuterar på til saman inntil tre turar per år. I denne delen av nasjonalparken er det lite anna aktivitet som bidreg til at den samla belastninga på økosystemet kan bli for stor (jf. nml. § 10). §§ 11 og 12 er ikkje aktuelle i denne saka.

Nasjonalparkforvaltaren vurderer det til at det vil vere behov for transport av materiell til ei slik hytte, og behovet vil truleg vere nokolunde konstant frå eit år til neste. Det har tidlegare vert gjeve løyve til inntil tre turar per år, med inntil to skuterar per tur. Erfaring frå tidligare løyve viser at omfanget av transporten blir avgrensa til det som er naudsynt. Vanskelege vêr- og føreforhold har òg gjort at sjølv om det vart gjeve løyve for åra 2008-2010, vart det berre gjennomført ein tur i 2008. Eit fleirårig løyve kan difor vere fornuftig for å sikre at behovet for transport blir dekkja over ein periode på fleire år. I følgje planen skal det køyrast i perioden veke 7 - 15. Dette er ei noko kortare periode enn det har vore søkt om, og gjeve løyve til tidlegare, og er soleis uproblematisk. For å sikre at konfliktpotensialet med turgåarar vert minst mogleg bør ein likevel unngå å køyre i periodar med mykje utfart, slik som vinterferie, påske og helgane rundt påska.